

INNSKRIVING/PÅMELDING

Påmelding skjer berre via internett. Gå inn på heimesida vår www.ellingsoy.kyrkjelyd.no
Der finn du lenke til registreringa. Følg så skjemaet.

Onsdag 1. juni kl.18.00 blir det informasjonsmøte for konfirmantar OG foreldre i Ellingsøy kyrkjelydsal i kjelleren i Ellingsøy kyrkje. Ta med kopi av dåpsattest (om du ikkje er døpt i ei av kyrkjene i Ålesund).

For å få ei god ramme omkring dette året, har vi satt opp ein KONFIRMASJONSKONTRAKT. Den skal underskrivast av konfirmant og foresatte på infomøte. Har du ikkje anledning til å møte denne dagen ta kontakt med ungdomsprest Christian Siejak.



Registrering på nettsida blir opna etter informasjonsmøte og er open fram til 28. juni.

Kostnader: Konfirmanten betalar kr 1550,- som dekker undervisningsmateriell, Bibel, ei obligatorisk konfirmanthelg og nokre arrangement. (Ta kontakt med oss om dette blir vanskeleg økonomisk.) Betaling skjer via giro som vert sendt i posten.

VIKTIGE DATOAR:

Tysdag 30.august kl.19.00	Foreldremøte
Søndag 4.september	Presentasjonsgudsteneste
Fredag 18.november	Nattcup for konfirmantar
27.-29.januar 2023	Konfirmantleir på Fjellsetra
28.mars 2023	KN innsamlingsaksjon
Laurdag 29.april	Konfirmasjonsgudsteneste

Alle datoar med forbehold.



STØRST AV ALT
BARN OG UNGE I DEN NORSKE KIRKE

Ikkje nøl med å ta kontakt om du lurar på noko:
Ungdomsprest Christian Siejak,
e-post: christian.lothar.siejak@kyrkja.alesund.no, mobil: 417 37 911

Sokneprest Anne-Helen Roaldsnes,
e-post: anne-helen.roaldsnes@kyrkja.alesund.no, mobil: 41616105
Ellingsøy kyrkjelyd, Kvalsteinvegen 2, 6057 Ellingsøy

www.ellingsoy.kyrkjelyd.no

KONFIRMAN* 2023

Ei viktig tid – eit viktig val!

Konfirmanttida er ei tid for å tenke nye tankar, få nye opplevingar og kanskje få nye vener! Tema vi skal utforske saman er: Kvar kjem eg frå? Kva skal eg bruke livet til? Finst Gud? Venskap og menneskeverd. Sorg og glede. Mote og mobbing. Kjærlleik, seksualitet og samliv. Miljø og rettferd. Korleis kan eg bety noko for andre? Kven er Jesus? I konfirmanttida er det tid og rom for å tenke og stille spørsmål. Ei tid for å lære meir om Gud, deg sjølv og om andre menneske.

Knytta til dåpen

Dersom du vart døypt som barn, har kyrkja saman med foreldre og fadrar, teke på seg ansvaret for at du skal få vite kva kristentrua går ut på og gje deg hjelp til å leve som kristen. Konfirmasjonstida er ein viktig del av trusopplæringsprogrammet vårt. Om du ikkje er døypt, kan du delta og verte meir kjent med trua og så blir du døypt i løpet av konfirmantåret. Det skjer med mange konfirmantar over heile landet – også på Ellingsøy.

RAMMA KRING KONFIRMANTÅRET

Ellingsøy kyrkjelyd har to hovudopplegg for undervisninga.

1. FRILUFT-KONFIRMANT

Det meste av undervisninga skjer ute. Vi har en fast møteplass der vi går gjennom dagens tema. Dei fleste samlingane vil ha innslag av fysisk aktivitet, leik og grilling. Undervisning skjer på onsdagar etter skuletid ca. ein gong kvar månad.



2. KYRKJE-KONFIRMANT

Samlingane skjer for det meste inne. Vi vil kombinere ulike aktivitetar, samtaler og Bibellesing. Vi kjem også til å vere ute på kyrkjegarden og kanskje andre plassar i nærområde. Undervisning er lagt til onsdagar etter skuletid ca. ein gong kvar månad.



FELLES FOR BEGGE GRUPPENE

I tillegg til gruppesamlingane blir det ein felles undervisningslaurdag i lag med konfirmantane frå Borgund, konfirmantleir på Fjellseter ungdomssenter og Kirkens Nødhjelp si fasteaksjon.

GUDSTENER

Vi ser det som sjølvstendig at både foreldre/føresette og konfirmant møter til gudstener dette året. Konfirmanten skal ta del i minst 4 fritt valde, i tillegg til presentasjons-, lysmesse-, samtale- og konfirmasjonsgudstener. Kvar konfirmant vil i løpet av konfirmantåret få ei tenesteoppgåve i ein gudstener.

Konfirmantar med særskilte behov: Vi ønskjer at konfirmasjonstida skal vere for alle. Derfor treng vi å få vite om nokon av konfirmantane har behov for tilrettelegging på et eller anna vis. Då kan vi unngå situasjonar som kan ødelegge opplevinga for ungdommane. Vi har ikkje tilgang til den informasjonen skulen har. Bruk feltet på innskrivingskjemaet til å gi oss informasjonen vi treng som f.eks. matallergi, medisiner osv. Eller ta kontakt med ungdomsprest Christian Siejak (417 37 911). Sjølvstendig er all slik informasjon omfatta av teleplikta.

ANDRE TENESTEOPPGAVER

Ellingsøy kyrkjelyd driv med trusopplæring for barn og unge. Vi har mange aktivitetar og arrangementa. I løpet av konfirmantåret vil kvar konfirmantgruppe være med som medhjelparar på itt av desse arrangementa.

HJELP AV FORELDRE/FØRESETTE

Vi ønskjer å gi konfirmantane ei kjekk tid med gode og fram for alt positive opplevingar. For å kunne oppnå dette er vi avhengige av hjelp av foreldre/føresette. Vi treng medarbeidarar og assistentar på samlingane. På innmeldingsskjemaet spør vi spesielt etter foreldre/føresette som kan tenke seg å delta i timar, konfirmanthelg og andre arrangement i løpet av året. Vi gir sjølvstendig opplæring, instruksjon og oppfølging. Foreldre/føresette som ikkje veljar noko blir fordelt på andre praktiske oppgåver.

AVSLUTNING ELLER FRAMHALD?

Kvite kapper. Knele ved altaret. Ei hand på hovudet. Høgtideleg musikk. Familie og vener i kyrkebenkane. Ikkje rart at det kriblar i kroppen denne dagen.

Konfirmasjonsdagen er ein flott og viktig dag. I gudstenesta vert det bedt for kvar einskild konfirmant, og konfirmantane får Guds velsigning over livet sitt og trua si. Mange opplever det som fint og trygt at Gud ønskjer å ta vare på oss heilt fram til det evige livet.

Konfirmasjonen er nok ei slags avslutning. Tida som konfirmant er eit år. Men tida som ung i kyrkjelyden treng ikkje vere slutt. Vi håper du finn ein plass som høver for deg – i gudstenesta, i ungdomsarbeidet, som medleider, i kor, osv.

OG DU?! Uansett kva grunn du har...Du skal vite at du er velkommen! Både med spørsmåla dine og svara dine, for å lære meir og for å ha det kjekt saman med andre. Du er berre nokre månadar frå ein høgtidsdag i livet ditt.

Vi ser fram til å sjå deg som konfirmant i Ellingsøy kyrkjelyd.

Foto: Kyrkerådet/Bo Mathisen

Kvifor konfirmant i Kyrkja?



Eg har blitt meir trygg på meg sjølv og det eg trur på. Og så føler eg at det har blitt meir rom for å vere meg.

- Tommy

Det beste med konfirmasjonsleir er å treffe nye folk, og at du kjem tettare med du du allereie kjenner.

- Ingvild

I løpet av konfirmasjonstida har eg lært at det kan hende det er ein Gud. Og det kan hende det ikkje er det. Det er heilt opp til meg om eg vil tru eller ikkje.

- Elisa

